

**"Kom heim" samlar mange i romjula****25.12.2006**

**Også fleire uskedelingar vil vera med årets "Kom heim"-arrangement som blir halde i kulturhuset på Husnes torsdag. I fjor deltok tilsaman rundt 100 i arrangementet, som vart sin suksess. Men det blir fleire i år.**

Dette er ein møteplass for utflytta, nyinnflytta og fastbuande kvinnheringar. I styringsgruppa sit to uskedelingar, Kristian Bringedal og Gretha Rød. Det blir også eit musikalsk innslag ved uskedelingen Gjermund Fredheim på gitar.

Fleire private bedrifter profilerar seg under mini-jobbmessa som blir halde i tilknytning til arrangementet og frå offentleg sektor deltek kommunen, den vidaregåande skulen og Valen sjukehus. Næringssjef Knut Førland skal presentera dei. Skulen er med for første gong.

Det blir mellom anna innlegg av rektor Hilde Gjester Hoel ved den vidaregåande skulen, Gøril Guddal ved Galleri G Guddal, dr. ing. Svein Peder Berge (som flytta heim og etablerte sin eigen arbeidsplass SimTec AS) og siv.ing. Kristine Hestad frå Umoe Schat-Harding AS (ei internasjonal storbedrift med hovudkontor i vår kommune).

Eit bolk er kalla 'Speakers corner'. Der vil det komma innspel omkring det å flytta heim/til Kvinnherad ved personar som har gjort det. Her kjem det naturleg nok synspunkt på slikt som jobben, bustaden, kulturen og barnehagetilbodet.

Det blir også eit innslag om Uskedalen sin egen festival Festidalen under tittelen 'Festidalen – eit retteleg kulturbete' og her skal Anders Daidalos Dahle, Bjørn Sturle Hillestad og Leif Ove Mikkelsen ha ordet.

Arrangementet leg større vekt enn i fjor på det sosiale samværet, der mange verdfulle erfaringar sikkert blir utveksla. Arrangementet startar klokka 20 og det er venta at det vil halda på til klokka 01.30.

Den nyetablerte verksemda Mobilt Snadder ved Beate Hannisdal (Hjønnevåg) står for matserveringa.

Alle kvinnheringar som vil vera med og utvida sitt eige nettverk og utvikla Kvinnherad til ein enda betre kommune å bu i, er velkomne.

Kultursjef Kristian Bringedal skal sy programmet saman.

Av Ola Matti Mathisen